

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 15.11.2022
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Øystein Helleseeth
SAKA GJELD: **Budsjett 2023 - løypemelding**

ARKIVSAK: 2022/3995

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
24.11.2022

STYRESAK:
071/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Førde HF tek sak om budsjett 2023 til vitende.

Budsjettprosessen

Budsjettprosessen til Helse Førde held framdrift etter plan, jf. oversikt under.

Milepæler	Aktivitet	Kommentar
Juni	13. Juni • Førebels inntektsramme og resultatkrav 2023 fastsett av styret i Helse Vest	
August	24. August • Frist realendringar • Andre vesentlege forhold	Svar frå klinikkane på eventuelle endringar
September	1. September • Frist rapportering frå prosjekt	Oppdatering av kost-nytte-modell
	9. September (Økonomiforum) Møter mellom AD/økonomi og klinikkane	Gjennomgang av realendringar som er innmeldt
	9. September • Frist for endring drifts- og investeringsbudsjett som følge av større prosjekt	Informere nivå 2, FAMU og TV
	14. September • Rammer fastsett av AD	Diskutert i foretaksleiinga
Oktober	3. Oktober • Frist aktivitetstill i DRG poeng • Øyremerka midlar / FOU prosjekt	Gjennomgang controllar og økonomidirektør
	21. Oktober • Utkast budsjett inkl. bemanning • Utkast investerings-budsjett og bæreevne	Informere nivå 2, FAMU og TV, samt investeringsutvalet
November	11. November • Ferdig drøfta budsjett	Formidlast ut i organisasjonen
	Inntektsramme 2023 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 7/12-2022
	25. November • Eventuelle endringar som følge av Statsbudsjettet	Dersom endringar må dette innarbeidast i budsjettet (AD og nivå 2) Drøftast med FAMU og TV
Desember	16. Desember • Budsjett blir behandla av styret HFD	
Januar	13. Januar • Budsjett i HFD ferdig oppdatert og overført til SAP	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring av HV RHF (veke 3 og 4)

Alle klinikkane har utarbeidd sine budsjett gitt dei førebelse rammene som vart formidla ut tidlegare i haust. Leiarane i kvar klinikk er ansvarlege for utarbeiding av sine budsjett i tett samarbeid med controllerane i føretaket, og det vert gjort ein stor jobb i organisasjonen med å tilpasse seg rammene og finne naudsynte tiltak. Det har blitt gjennomført drøftingar med tillitsvalde og verneombud i kvar klinikk. Tilbakemeldinga er at det har vore konstruktive og gode drøftingar. Det er ei felles forståing for tiltaka i budsjettet, men vi ser også at utfordringane er store for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra.

Vi avventar endelege rammer frå Helse Vest før eit endeleg utkast til budsjett vert drøfta med tillitsvalde og verneombud på føretaksnivå. Det er venta at endelege rammer for helseføretaka skal styrehandsamast hjå Helse Vest 7. desember 2022.

Framlegg til budsjett 2023 vert presentert for styret i Helse Førde på møte den 16. desember.

Forslag til statsbudsjett 2023

Framlegg til statsbudsjett for 2023 vart presentert 6. oktober. I framlegget er det presentert ei auke til spesialisthelsetenesta på samla 2,437 milliardar kroner. Dette vert fordelt mellom auke i grunnfinansieringa/basisløyvingane og ein auke til aktivitetsvekst. Auken i basisløyvingane er signalisert skal gå til døgnbehandling innan psykisk helsevern, medan resterande midlar skal gå til vedlikehald, investeringar, beredskapsarbeid og intensivkapasitet.

Hovudutfordringa i framlegget er at pris- og kostnadsveksten som i år 2022 var vesentleg høgare enn budsjettert, ikkje vert kompensert i statsbudsjettet for 2023. Framlegget til Statsbudsjett inneber med dette ein realnedgang i løyvingane til spesialisthelsetenesta. Det høge kostnadsnivået vil dermed påverke sjukehusøkonomien i Norge også i 2023. Som løysinga peika regjeringa på omstillingstiltak og utsetjinga av investeringsprosjekt som ikkje er vedtekne.

Det er lagt fram forslag om at ISF-andelen for somatikken skal reduserast frå 50 til 40 prosent. Omlegginga skal vere budsjettneøytral, noko som gjer at redusert ISF-løyving vil medføre auke i basisløyvingane. Helse Førde vil vere konservative i budsjettering av vekst, då demografiske forhold tilseier at vi ikkje vil få særleg vekst i vårt ansvarsområde. Det har også vore utfordrande å nå dei budsjetterte aktivitetsmåla inneverande år. Kompensasjon for meirutgifter og tapte ISF-inntekter som følgje av covid-19-pandemien, vert ikkje vidareført.

Førebelse rammer, realendringar og innsparingskrav

I førebelse rammer frå Helse Vest er Helse Førde tildelt ein auke i rammene på 42,3 millionar kroner. Auken inkluderer trinnvis innføring av ny inntektsmodell for prehospitala tenester. Det er venta at resterande midlar vil bli tilført Helse Førde for budsjettåret 2024.

Målet med realendringsprosessen som har blitt gjennomført i haust, har vore å fullfinansiere tiltak som tidlegare er vedtatt. Dette omfattar mellom anna prehospital plan, styrking av tryggleikpsykiatri og oppbygging av rehab-avdeling og polikliniske tenester. Vidare er det gitt realendring til auka kostnader for tenester frå Helse Vest IKT. Det er også løyvd auke i midlar til medikamentkostnader, medisinsk heimebehandling og H-resept, då vi ser stadig kostnadsvekst innanfor området.

Oversikt realendringar løyvd:

Klinikk	Beløp	Gjeld
Kirurgisk klinikk	6 000 000	Prehospital plan
Medisinsk klinikk	1 200 000	Oppbygging rehab-avdeling og polikliniske tenester
	4 000 000	Medisinsk heimebehandling
	1 000 000	Medikamentkostnad
	1 500 000	H-resept
Psykisk helsevern	1 000 000	Kompensasjon for ISF-innteksreduksjon
	1 850 000	Styrking av tryggleikpsykiatri
	550 000	Styrka finansiering av Psykisk helsevern barn og unge
Stab	1 000 000	Auka forsikringskostnader
	175 000	Influensavaksinasjon
	9 212 000	Helse Vest IKT
	200 000	Mobiltelefonar knytt til roller/vakt
Drift og eigedom	400 000	Nødvendig service på nytt utstyr
	500 000	Drift Angabygget
Sum	28 587 000	Prioriterte realendringar 2023

Administrerande direktør har i tillegg til nemnde realendringar samla gitt 16 millionar kroner for å kompensere for eit høgare lønnsoppgjer enn budsjettert i 2022.

I dei førebelse rammene er det stilt innsparingskrav til kvar klinikk, samla 20 millionar kroner. Gjennom sine prosessar har klinikkane identifisert tiltak innanfor sine område for å

nå gitte innsparingskrav. Disse vil bli nærare skildra i dei enkelte klinikkane sine budsjettdokument.

Oversikt innsparingskrav:

Klinikk	Beløp
Kirurgisk klinikk	5 132 000
Medisinsk klinikk	7 161 000
Psykisk helsevern	3 956 000
Stab	1 604 000
Drift og eigedom	2 148 000
Sum	20 001 000

Utfordringsbiletet framover

Styringsfarten inn i år 2023 er svært utfordrande. Overforbruket i organisasjonen er høgt, særleg på løns- og personalkostnader, og inntektsavviket frå oktober månad som følgje av låg aktivitet, gjev grunn til uro. Auken i førebels ramme til Helse Førde HF er som omtala ovanfor disponert til prioriterte realendringar, samt auke i avskrivningar og finanskostnader.

Det er fordelt eit innsparingskrav til klinikkane på samla 20 millionar. Gitt prognosen som Helse Førde har levert for år 2022, betyr dette at vi går inn i eit nytt år med eit udekkka avvik på 50 millionar kroner som vi må finne ei løysing på. Det er grunn til å tru at framhald av eit lågare sjukefråvær vil kunne løyse noko av overforbruket på løns- og personalkostnader, men dette vil ikkje vere tilstrekkeleg.

I tillegg forventar administrerande direktør at dei økonomiske rammevilkåra blir strammare framover. Over lengre tid har ein derfor hatt ekstra fokus på økonomi i føretaksleiinga, og arbeid med involvering og forankring hos tillitsvalde og i organisasjonen. Prosessen med å finne tiltak for å tilpasse drifta til økonomiske rammevilkår er i gang.

Framtidige investeringar er justert etter utfordringsbiletet gjennom revidering av økonomisk langtidsplan som vart lagt fram for styret. Helse Førde har p.t. ikkje mottatt tilbakemelding frå Helse Vest på dei justeringane som vart gjort.

Tiltak på driftssida for å ta ned styringsfarten vert, som nemnt, jobba med i klinikkane. Målsetjinga er så langt råd å skjerme kjerneoppgåvene knytt til pasientbehandling. Administrerande direktør vil vurdere å ta større del av innsparinga innanfor klinikkane stab og drift og eigedom, men hovudutfordringane knytt til å halde seg innanfor gjeldande budsjettrammer er i dei somatiske klinikkane.

Dersom ein ikkje lukkast med å redusere overforbruket, eller rammevilkåra for føretaket endrar seg i positiv retning, vil det tvinge seg fram større diskusjonar kring prioriteringar og pasient- og tenestetilbodet til Helse Førde. Vurdering av pasienttilbodet vil skje i tråd med prioriteringskriteria i spesialisthelsetenestelova paragraf 2-1a der det går fram at

tenestetilbudet skal innrettast etter prioriteringskriteria nytte, ressurs og alvorsgrad. Skildring av kriteria er sist utdjupa i stortingsmelding nummer 38 (2020-2021).